



Multiconsult

Dykkar ref.	Vår ref.	Sakshandsamar	Dato
10229402-06	2023/327	Eirin Kongestøl Espeland, 917 61 815	11.05.2023

CO₂ terminal Haugaland Næringspark og CO₂ rørledning – detaljregulering – uttale

Visar til varsel om oppstart av planarbeid og planprogram for CO₂ terminal ved Haugaland Næringspark, Tysvær kommune og CO₂-rørledning i sjø gjennom Tysvær, Karmøy, Bokn og Kvitsøy kommunar. Føremålet med terminalen og rørleidninga er å frakte CO₂ til permanent lagring offshore.

CO₂ terminal Haugaland Næringspark

I området rundt den ønska CO₂ terminalen er det i Fiskeridirektoratet sitt kartverktøy registrert område for passive reiskap og låssettingsplassar, som indikerar notfiske i området. Fiskarlaget kan stadfeste at det blir drive fiske etter pelagisk fisk i området. I tillegg er det registrert gyteområde for torsk, hyse og sild.

Ein er uroa for at arbeid i og ved sjø under utbygging, vil påverke livet i sjø og utøving av fiske. Med bakgrunn i dette må aktivitet i området planleggast slik at ein avgrensar negativ innverknad på fiskeriinteresser.

Sidan det blir drive notfiske og låssetting i området må ein òg avgrense lysbruken i sjø. Lyskjelder mot sjø kan forstyrre fangstoperasjonar og øydelegge fangst.

CO₂ rørledning

Rørledningstraséen som er foreslått ligg i stor grad i fiskeområde som viktige reketrålområde som òg er registrert i Fiskeridirektoratet sitt kartverktøy. Rørleidningen med krysningar av andre røyr/leidningar kan skape store negative konsekvensar for utøvinga av til dømes reketråling.

Utlegging av leidningen må planleggast slik at den blir lagt ut utanom viktige fiskeperiodar. Utleggingsperioden må avgrensast og ein må umiddelbart spyle/grave ned leidningen. Det må sikrast overfiskbarheit. Ein peikar på at kystnært kan ein ikkje nødvendigvis nytte samme

metodar for tildekking og steinlegging som ein gjer ute til havs. Rekestrålinga kystnært blir utført med mindre fartøy med mindre motorkraft og utstyr enn havgåande trålfartøy.

Ber om møte


Sør-Norges Fiskarlag ber om eit snarleg møte for å diskutere planane og særleg rørleidningen. Det er avgjerande at ein har tidleg dialog om traséen og reell moglegheit til å gjere justeringar slik at den ikkje vil få negativ innverknad på fiskeriene. Ein ønskjer òg å diskutere traséen utanfor planområdet (1 nm utanfor grunnlinja) til Errai-reservoaret.

Med helsing
Sør-Norges Fiskarlag


Eirin Kongestøl Espeland
Rådgevar

Vedlegg: Kart


Brevet er godkjent elektronisk og blir sendt utan handskriven signatur.



Utsnitt frå Fiskeridirektoratet sitt kartverktøy



Utsnitt frå Fiskeridirektoratet sitt kartverktøy



Utsnitt søknadskart